



Vår dato:

23.09.2024

Vår ref:

2024/11363

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2023/1224

KINN KOMMUNE
Postboks 294
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon
Arve Meidell, 5557 2110
Siri Erdal, 5557 2283
Åshild Hjørnevik 5557 2158
Janne W. Listhaug 5557 2139
Jan Vidar Voster, 5557 2306

Fråsegn - høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 - planstrategi 2024-2027

Vi viser til brev av 26.07.24 og til høyring av planstrategien og samfunnsdelen til kommuneplanen sin arealdel for Kinn kommune. Vi viser også til høyring av planprogram for samfunnsdelen og planstrategien jf. brev av 10.03.24. Vi gav fråsegn til planprogrammet i brev av 27.04.24 – sjå vedlegg. Frist for å kome med uttale er sett til 30.09.24.

Innleiing:

Den kommunale planstrategien er eit viktig hjelpemiddel for kommunen i arbeidet med å trekkja opp dei viktigaste utfordringane for lokal samfunnsutvikling, og til å prioritera og målretta planlegginga. I § 10-1 i plan- og bygningslova finn ein omtale av kva ein planstrategi bør innehalde:

«Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden».

Ein sentral del av arbeidet med planstrategien er m.a. å leggja grunnlaget for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og/eller arealdel. Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, samt planstrategi blei vedteken 10.11.2020, medan arealdelen er under rullering i desse dagar (planen vart sendt til 1. gongs offentleg ettersyn sommaren 2023). Planstatus for desse to sentrale overordna planane er naturlegvis eit viktig utgangspunkt/grunnlag for innhaldet i planstrategien.

Vi vil spesielt utfordra kommunen til å gå inn i rolla som samfunnsutviklar. Denne rolla inneber at kommunen gjev ei tydeleg retning og samordnar verkemiddel og offentleg innsats for å løysa dei omfattande oppgåvene kommunen står framfor og vil møte i dei nærmaste åra. Kommunen bør drøfta grunnleggjande og tunge trekk ved samfunnsutviklinga i kommunen og elles i regionen.

Vi viser elles til nyttig kunnskapsgrunnlag som Vestland fylkeskommune har utarbeidd.



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging:

Regjeringa vedtok 20.06.2023 nye *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Forventningane skal m.a. leggjast til grunn for utarbeiding av ny kommunal planstrategi og vera førande for planlegginga dei neste fire åra i kommunen.

Regjeringa peikar på fem sentrale område:

- *Samarbeid og samordning i planlegginga*
- *Trygge og inkluderande lokalsamfunn*
- *Velferd og berekraftig verdiskaping*
- *Klima, natur og miljø for framtida*
- *Samfunnstryggleik og beredskap*

Til kvart av dei fem områda framhevar regjeringa sine prioriteringar for korleis aktuelle utfordringar kan møtast gjennom den regionale og kommunale samfunns- og arealplanlegginga. Til kvart av dei fem områda er det knytt konkrete forventningspunkt.

Regjeringa vil at dei 17 berekraftmåla til FN skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane. Måla skal vera ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Samfunnsdelen til kommuneplanen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og som organisasjon, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 11-2. Det er lova si ordning at dei overordna og førande plandokumenta skal sjåast i samanheng.

Kinn ønskjer ei berekraftig samfunnsutvikling i tråd med den demografiske utviklinga, innbyggjarane og næringslivet sitt klima-fotavtrykk. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen skal kommunen vektleggia viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjera dei strategiske val kommunen tek.

Under har vi kommentarar og innspel knytt til viktige fagområde som kommunen bør ta med seg inn i det vidare arbeidet:

Aldersvenleg samfunnsplanlegging og universell utforming:

Kinn ventar ein auke i talet eldre. Den demografiske utviklinga gjer at kommunane må jobbe vidare med aldersvenleg samfunnsplanlegging. Satsinga blir vidareført frå Leve heile livet-reforma til den nye Fellesskap og meistring – Bu trygt heime. Planarbeidet har mål om at alle som treng det mest får hjelpe dei treng, at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse og alderdom, leggja til rette for bustader med livsløpsstandard og fleksible buformer, og for at eldre som vil flytte meir sentrumsnært. For å lukkast med inkludering og deltaking i heile befolkninga er det behov for eit løft som fremjar tilgjenge for alle i lokalsamfunnet. Her er universell utforming ein føresetnad for å oppnå like moglegheiter få delta i fysisk og sosial aktivitet, førebygge einsemd og bidra til god folkehelse og livskvalitet på tvers av generasjonar. Vi minner om at kommunane har ei særleg rolle i å sjå til at omsynet til universell utforming blir vareteke i planlegginga. Universell utforming som prinsipp kan med fordel løftast inn i arealstrategiane.

Arealstrategi:

Samfunnsdelen bør leggja tydelege og konkrete føringar for arealdelen. Vi merkar oss at kommunen følgjer opp «Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging» der regjeringa seier at dei forventar at: «*Kommunane utarbeider arealstrategiar som del av samfunnsdelen til kommuneplanen, og legg desse til grunn ved revisjon av arealdelen til kommuneplanen*». Det er etter vår vurdering viktig å binda saman samfunnsdelen med arealdelen, men vi saknar ei nærmare konkretisering av arealstrategiane. Nokre av arealstrategiane vurderer vi som lite forpliktande når det er brukt



formuleringar som; bør skje mest mogleg/bør vera mogleg/så langt det lar seg gjera. Vi saknar ei nærmare konkretisering i kva kommunen legg i desse arealstrategiane, men ser samstundes også at arealstrategiane utfyller kvarandre og slik gjev tydelegare føringar for enkelpunkt. Strategiane må uansett følgjast opp med forpliktande og konkrete føringar i arealdelen, som gjer det tydeleg for alle kva krav og forventningar som gjeld.

Det er positivt at kommunen har ein arealstrategi som seier at de skal vera klima- og arealnøytrale. Vi konstaterer òg at de i arealstrategi pkt. 11 seier at de skal føra eit arealrekneskap, gjenbruka bygg og næringsareal og tilbakeføra ubrukt areal til natur. Dette er positivt, men vi saknar likevel ei tydeleg føring for kva som skal skje med uheldige arealdisponeringar i gamle reguleringsplanar med arealbeslag i strid med gjeldande nasjonale, regionale og kommunale føringar. Ein slik «planvask» må gjennomgåast og planane må oppdaterast eller opphevest. Sjå elles avsnittet knyta til opprydding av eldre reguleringsplanar.

Barn og unge:

Å sikra gode oppvekstvilkår er sentralt i dei nasjonale føringane. Kommunen må sikra at barn og unge har moglegheiter og utfordringar som gir ein meiningsfylt oppvekst, utan omsyn til bustad, sosial og kulturell bakgrunn, jf. [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#).

Samfunnsdelen har mål om at alle barn er inkludert i fellesskapane leik, aktivitet og undervisning, godt samarbeid og samordna tenester til barn og unge, og auke fysisk aktivitet og inkludering av alle i kulturliv. De har også mål om ein oppvekstsektor som sikrar likeverdige tenester, og at flest mogleg skal sykle til skule, og gode uteoppahaldsrom for mjuke trafikantar. De viser også til at de må ivareta barn og unge med lettare psykiske helseplager.

Berekraftig massehandtering:

Vi merkar oss at vi over ei viss tid har motteke fleire planar og dispensasjonar som gjeld utfylling av masser i sjø. Kommunen bør difor i den pågåande kommuneplanprosessen vurdera bruk og ha ein plan for handtering av masser og særskilt overskotsmassar frå samferdsleprosjekt (Stad skipstunnel) og ifrå andre prosjekt, i kommunen. Kommunen bør handtera massane i tråd med ressurspyramiden og undersøka behov for mottaksanlegg. Vi viser såleis til sjekkliste for massehandtering på vår heimeside; [prosessorientert-sjekkliste-for-massehandtering---24.01.2024.pdf \(statsforvalteren.no\)](#), der det er vist til kva nasjonale føringar som gjeld og kva vi etterspør på dei ulike plannivåa, når det gjeld bruk av reine overskotsmassar.

Bustadsosial planlegging:

Statsforvaltaren tykkjer det er positivt at Kinn kommune har skildra behovet for eit velfungerande bustadmarknad, med nok bustader som har ulik utforming, storlek og eigarform. Vidare at for å ivareta dette skal det utarbeidast ein strategisk handlingsplan for bustader i Kinn kommune og at den skal inkludera ein bustadsosial del. Då dette er ein viktig del av samfunnsutviklinga i Kinn kommune, vil vi tilrå at planen inngår i planstrategien i oversikt over planer kommunen skal utarbeida i perioden for planstrategien.

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027, heiter det at kommunane skal leggja til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane, i tråd med lokale og regionale behov. Det skal vidare bli lagt til rette for eit bustadtilbod for vanskelegstilte i ulike delar av kommunen, og at eigaretablering for vanskelegstilte, til dømes ved hjelp av Husbanken sine økonomiske verkemiddel, skal bli lagt vekt på.



Det skal og bli lagt til rette for at eldre som ønsker det, kan bli buande lengre i eigen bustad, og at kommunen må sjå utviklinga av helse- og omsorgstenester i samanheng med bustadplanlegging og den langsigchte økonomien til kommunen.

I den nye lova om [kommunenes ansvar på det bustadsosiale feltet](#), er krava til kommunane skjerpa når det kjem til det å ta bustadsosiale omsyn i planlegging, samarbeide på tvers av sektorar og samordne tenester, og samarbeida med andre offentlege aktørar som kan bidra til arbeidet for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

I § 5 andre ledd heiter det at kommunen skal ha ei oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Oversikta skal inngå som grunnlag for kommunen sitt arbeid med planstrategien. Ei drøfting av kommunen sitt bustadsosiale arbeid bør også inngå i strategien. Til dømes kan [Bustadsosial monitor](#) og Husbanken sitt digitale system for kommunale utleigebustader, Kobo, vera med på å hjelpe kommunane til å ha ei slik oversikt.

Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen, fastsetja overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet, jf. § 5 andre ledd i lova. Måla og strategiane skal vera eigna til å møta dei utfordringane kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikta nemnd over.

CRPD: Konvensjonen for personar med nedsett funksjonsevne

Vi vil også visa til FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Kommunane skal jobba aktivt for å nå likestilling for personar med nedsett funksjonsevne. Å byggja opp kompetansen på CRPD, og arbeidet med å oppfylla rettane til personar med funksjonsnedsetting, krev forankring og prioritering. Å integrera CRPD i overordna planverk, kan bidra til å sikra nødvendig forankring. Det kan difor vera nyttig at dette blir løfta inn i planstrategien.

Folkehelse og sosial ulikskap i helse:

I folkehelseoversikta peikar de på utfordringar som sosial ulikskap, fysisk aktivitet og overvekt/fedme, psykisk helse og demografi. Forventninga er at planstrategien diskuterer folkehelseutfordringane, og at de i kommuneplanen fastset overordna mål og strategiar som er eigna til å møta utfordringane kommunen står overfor med utgangspunkt i folkehelseoversikta. Sentralt i folkehelsearbeidet, er å bidra til utjamning av sosiale skilnader i helse. Dette blir også løfta i dei nasjonale forventingane der det heiter at samfunns- og arealplanlegginga blir brukt som verkemiddel for å utjamna skilnader, førebyggja levekårsutfordringar og sikra ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.

Kommunen har mål om å inkludere alle i arbeidsfellesskapet, og skape tidleg tilknyting til arbeidslivet blant ungdommar, at alle har moglegheit til å delta i aktivitet og fellesskap og ha aktive liv uavhengig av eigne føresetnader og livssituasjon. De har også mål om å førebyggje bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte får bistand til å skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Klima og berekraft generelt

FN sine berekraftsmål er verdssamfunnet sin felles plan for å møta behova i dag utan å øydeleggja for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov. Det gjeld lokalt gjennom å skapa gode lokalsamfunn og gode levevilkår for innbyggjarane i Kinn, men òg den direkte og indirekte påverknaden liv og verke i Kinn kommune og av innbyggjarane der har nasjonalt og globalt. Dette inkluderer det fotavtrykket som privat og offentleg kjøp av varer og tenester, og reiser, set i verda. Lokal handling er avgjerande for å nå dei globale måla.



Noreg skal i 2030 ha redusert utsleppa av klimagassar med minst 55 % av nivået i 1990 (Parisavtalen) og i 2050 skal landet vera eit nullutslepssamfunn. For at landet skal nå desse måla, er det avgjerande at kommunane kuttar alle moglege utslepp frå eigen verksemd, samt utnyttar alle moglegheiter som planmynde og som samfunnsutviklar, samt ved innkjøp av varer og tenester. Det er berre ein kommunestyreperiode til 2030 og tiltaka må difor skje no. Kommunen sine avgjersler får konsekvensar langt fram i tid, difor må kommunen sikte mot 2050- måla og målet om ein nullutsleppskommune i all verksemd og alle avgjerder.

Kommunen planlegg rullering av temaplan for klima, berekraft og naturmangfald. Arbeidet starta i 2023 og held fram i 2024. Vedtaket skal fattast i 2026. Med tanke på dei store konsekvensane som klimagassutsleppa fører med seg, er det viktig at kommunen kuttar utsleppa så mykje som mogleg og så raskt som mogleg.

I Kinn er berre to prosent av arealet myr. Nedbygging av myr fører til store utslepp av klimagassar. Det er enno ikkje vedtatt eit forbod mot bygging på myr, men kommunen kan allereie no unngå at myr vert øydelagt.

Det er elles viktig at kommunen byggjer på både eksisterande og ny kunnskap, sjå til dømes Miljødirektoratet om klimatilpassing, Miljøkommune.no, Norsk Klimaservicesenter.

Kompetanse og rekruttering:

I utfordringsbildet tek dokumentet opp rekruttering av kvalifisert arbeidskraft, auke i talet eldre som vil legge press på omsorgstenestene og som vil føre til auka behov for bemanning og kompetanse. Eitt av satsingsområda i planen er omstilling og levere likeverdige tenester. Det er sentralt at kompetanse- og rekrutteringsplanlegging i helse- og omsorgstenestene spesielt, blir løfta inn i samfunnsplanarbeidet.

Landbruk:

Ny arealplan er i prosess og skal vera ferdig i 2025/2026. Ved rullering av kommuneplanane er det viktig at det vert gjort ein planvask for å føra areal tilbake til LNF. Vi legg til grunn at arealrekneskapet som er utarbeidd i samband med kommuneplanprosessen vert behovsvurdert for nedbygging av alle typar areal.

I Noreg er berre tre prosent av landarealet jordbruksareal. I følgje Kostra-tala har Kinn i snitt omdisponert 23 daa jordbruksareal årleg i perioden 2015-2022. Stortinget har sett eit nasjonalt jordvernål på maks 2000 daa omdisponert jordbruksareal årleg. Ut frå jordbruksarealet i kommunen, bør ikkje Kinn omdisponera meir enn maks fem daa jordbruksareal årleg, det vil seie langt mindre enn det kommunen i snitt har omdisponert dei siste åra. Ved omdisponering bør utnyttingsgraden vera høg og samfunnsnytten stor. Generelt ligg store delar av dei beste jordbruksareaala sentrumsnært og har verdifulle eigenskapar for drenering av nedbør, utveksling av gassar, rekreasjon og mental helse, natur- og artsmangfald osb., i tillegg til å vera verdifulle areal for matproduksjon i nær og fjern framtid.

I ei usikker framtid er det viktig å ta vare på matjorda for kommande generasjonar, både dyrka og dyrkbart areal. I Kinn er det 10 372 daa fulldyrka jord, 4 099 daa overflatedyrka jord og 15 693 daa innmarksbeite. Med andre ord er berre 1,3 prosent av arealet i Kinn fulldyrka jord og berre 0,5 prosent av arealet er overflatedyrka jord.



I kommunen er 6 053 daa kartlagt som dyrkbar jord, det vil seie areal som kan bli dyrka opp til å bli fulldyrka jord. Men heile 37,8 % av dette er myr, som det ikkje er lov å dyrka. 41 prosent er skog eller annan natur som ein heller ikkje bør gjera om til jordbruksareal av omsyn til naturmangfaldet. Dei siste 21,2 prosent av den dyrkbare jorda er per i dag overflatedyrka jord eller innmarksbeite. Difor er det viktig å ta vare på det som i dag framstår som det minst produktive jordbruksarealet, i framtida kan det bli naudsynt å dyrka dette opp. Det er ikkje meir matjord i Kinn enn det som per i dag er registrert som dyrka og dyrkbar jord. Matjorda er ein verdifull og ikkje fornybar ressurs.

Kinn er ein stor landbrukskommune. Det er 23 føretak med mjølkeproduksjon på ku, 20 føretak med ammekuproduksjon, 104 føretak med vinterfôra sau og fem føretak med geiter. Produksjonen svarar til heile 105,1 årsverk og brutto verdiskapinga for jordbruket totalt er på 31,7 millionar kroner. Når kommunen legg planar for arealbruk, næring og vegar, er det viktig å ta jordbruket med på dialog for å finna dei gode løysingane. Det er òg viktig at kommunen følgjer opp driveplikta.

Om lag 5,5 prosent av dei direkte klimagassutsleppa frå kommunen kjem frå dei biologiske prosessane som er knytt til landbruket. Gjennom landbruksforvaltninga kan kommunen bruka tilskot og støtteordningar målretta for å redusera utsleppa frå jord- og skogbruk og vera ein pådrivar og motivator for å gjera landbruksproduksjonen mest mogleg klimavenleg. Det er viktig at kommunen følgjer opp forbodet om nydyrkning av myr. Klimagassutsleppa per produsert eining er lågast på areal med god jord og godt lokalklima. Det er difor viktig å verna om jordbruksarealet. Dei beste jordbruksarealet er allereie er dyrka opp og store delar av dei ligg der busettad og byggeaktivitet er størst.

Det er fleire vassførekomstar i kommunen som er registrert med därleg eller moderat økologisk tilstand i Vann-Nett og der diffus avrenning frå jordbruk har middels-stor grad av påverknad. Vassførekomstane Fosselva og Refvikselva har därleg økologisk tilstand, der diffus avrenning frå husdyrhald/husdyrgjødsel har middels eller ukjent grad av påverknad. Vidare har desse vassførekomstane moderat økologisk tilstand og stor eller ukjent påverknadsgrad frå jordbruk: Åmotselva (Hyelva og Tufteelva), Kleiveelva- Hardbakkeelva- Sørelva v/Eikefjord, Lakselva (Solheimsvassdraget), Nytingneselva.

Miljøutfordringar - naturmangfold:

Planstrategi- og samfunnsdelen må ta utgangspunkt i *Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)*, og m.a. skildre utviklingstrekk og utfordringar knytt til klima i dag og i framtida. Noreg har òg forplikta seg til FN sine berekraftsmål og naturavtalen, som m.a. legg vekt på at ein skal redusera øydelegging av habitat og stoppe tap av biologisk mangfold.

Det er viktig at kommunen byggjer sitt planarbeid på både eksisterande og ny kunnskap. For planstrategien sin del betyr det at ein bør drøfta kunnskapsstatus med omsyn til naturmangfold i sjø, vassdrag og på land. Er det behov for å oppdatera kunnskapen som grunnlag for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel? Naturtypelokalitetar, raudlisteartar og vassdrag, inkludert eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte, skal takast omsyn til ved framtidig planlegging. Planstrategien bør leggja til grunn at kunnskap om slike viktige naturverdiar skal oppdaterast og vidareutviklast, for å kunne gi grunnlag for ei berekraftig økologisk utvikling.

Vi viser i denne samanhengen til Biofokus sin rapport om «Artskartlegging i konsekvensutredninger etter Plan- og bygningsloven - Etterspørsel, kartlegging og dataflyt». I sluttet av rapporten er det ei bestillerkompetanse-sjekkliste, saman med ei sjekkliste til utarbeiding av planprogram.



Kommunedelplanar for naturmangfald er ei oppfølging av stortingsmeldinga Natur for livet (Meld. St. 14 (2015-2016). Kommunedelplanar for dette temaet kan til dømes gje viktige innspel til arbeidet med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.

I behandlinga av statsbudsjett for 2024 blei tilskotsordninga for ivaretaking av naturmangfald utvida. Dette gjeld både dei økonomiske rammene og kva kommunane kan søkje om tilskot til. Dersom tilskotsordninga for utarbeiding av kommunedelplanar for naturmangfald og/eller gjennomgang av eldre arealplanar ("planrevisjon/planvask") for å vurdera om dei er i tråd med oppdatert kunnskap om naturverdiar vert ytterlegare vidareført, oppmodar vi kommunen om å søkja.

Rydding og oppdatering av eldre reguleringsplanar

Når det gjeld vurderinga av kva reguleringsplanar som bør reviderast, opphevast eller som kan vidareførast, viser vi til § 11-8 tredje ledd bokstav f i plan- og bygningslova, som opnar for at gjeldande reguleringsplanar kan vidareførast uendra. Det er eit lovkrav at kommunen då skal gå gjennom dei eldre planane, og vurdera om innhaldet er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.

Ein slik gjennomgang inneber ikkje krav om ordinær planprosess etter § 12-14. Det er i utgangspunktet tilstrekkeleg at kommunen gjer ei overordna vurdering av planane som skal vidareførast med omsynssone 910, opp mot nasjonale og regionale rammer og mål og ny kunnskap.

Kinn kommune har i samband med den pågåande rulleringa av arealdelen til kommuneplanen, sett i gong ein slik prosess jf. brev av 04.07.23. Dette gjeld om lag 180 planar. Vi er ikkje kjent med om kommunen har teke ein gjennomgang av kvar enkelt plan opp mot ny nasjonale mål og ny kunnskap. Vi tilrår at planstrategien seier noko om opprydding i, og oppdatering av eldre reguleringsplanar. Statsforvaltaren ser det som aktuelt å ta dette med i planstrategien som ei planoppgåve som kommunen bør prioritera i planperioden. Vi vil oppmoda dykk til å nytta «*Grunnlag for veileder om revisjon av kommunale arealplanar*»: [Utkast til sluttrapport \(regjeringen.no\)](#), ved dette arbeidet.

Samfunnstryggleik og beredskap

Statsforvaltaren sitt generelle inntrykk er at kommunane framleis har ein veg å gå med omsyn til å arbeida tilstrekkeleg systematisk og strukturert med samfunnstryggleik og beredskap. Årsaka kan mogelegvis vera manglende prioriteringar, m.a. som følgje av at temaet ikkje er gjeve tilstrekkeleg merksemd i overordna planar. Vi ser difor behov for større merksemd på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane. Det gjeld òg i kommunane sine planprosessar etter plan- og bygningslova. Det er nettopp gjennom gode planprosessar ein legg grunnlaget for eit godt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. I så måte er planstrategien, og ikkje minst kommuneplanens samfunnsdel, sentrale dokument å forankra dette arbeidet i. Det er nettopp her kommunen kan gjera greie for utfordringar, strategiske val og prioriteringar.

Som eit minimum bør kommunen følgja opp dei forventningane som går fram av Kommunal- og moderniseringsdepartementets [«Rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Der står det m.a.:

«I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen kartlegge langsiktige utfordringer tilknyttet samfunnssikkerhet, og fastlegge mål og strategier for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet jf. § 11-2. Eksempel kan være plan for vannhåndtering. Fastsettelsen av mål og strategier skal baseres på funn fra helhetlig ROS-analyse og plan for oppfølging. Arealstrategien i den kommunale planstrategien vil også være en viktig premiss for



oppfølging av temaet samfunnssikkerhet i samfunnssdelen. Kommuneplanens samfunnsdel og en eventuell kommunedelplan for samfunnssikkerhet skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende årene eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig. Det er viktig at tiltak som omhandler samfunnssikkerhetsmessige utfordringer forankres i kommuneplanens handlingsdel, siden denne prioriterer, planlegger og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer. Arbeidet med økonomiplanen kan samordnes med kommuneplanens handlingsdel, forutsatt at kravene i både plan- og bygningsloven og kommuneloven etterleves. Dersom arbeidet med samfunnssikkerhet utløser utgifter, må dette innarbeides i økonomiplanen slik at det gis et reelt handlingsrom til å foreta arbeidet. Økonomiplanen skal blant annet gi en realistisk oversikt over prioriterte oppgaver i planperioden.»

Det er såleis positivt at kommunen har merksemeld på kva ein vil og skal gjera på beredskapsområdet, men det er likevel ting vi saknar eller som framstår uklåre, både i den kommunale planstrategien og i kommuneplanens samfunnsdel. Når det gjeld planstrategien, så har vi problem med å forstå kva oppdateringsfrekvensen kommunen legg opp til med omsyn til revisjon av overordna beredskapsplan og heilskapleg ROS-analyse. Vi minner difor om at lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret med tilhøyrande forskrift om kommunal beredskapsplikt stiller krav om at den heilskaplege ROS-analysen skal reviderast minimum kvart fjerde år, medan beredskapsplanen skal reviderast årleg. Vidare vil vi også nemna at det gjennom ulik sektorlovgiving kan gjelda tilsvarende krav til kommunane sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid på andre område, t.d. innan brann og redning, helse og omsorg, HMS osb. Følgjeleg må desse oppgåvane også omtala i planstrategien.

Sjølv om kommunen peikar på fleire viktige samfunnstryggleiksutfordringar, så oppfattar vi desse som veldig generelle, dvs. knytt til m.a. ver, klima, forsyningssvikt og verdssituasjonen. Vi hadde gjerne sett ei tydelegare spissing av kva dette tyder for Kinn kommune konkret, og kva kommunen sjølv ser som dei mest sentrale samfunnstryggleiksutfordringane i tida framover. Tilsvarande hadde vi også gjerne sett at ein var vesentleg meir tydeleg på kva strategiar ein vil leggja til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap for å sikra kontinuerleg, heilskapleg og systematisk arbeid med temaet på tvers av sektorar og fagområde.

Vidare minner vi om at det å ta stilling til spørsmålet om kva som akseptabel risiko og/eller sårbarheit er eit heilt sentralt element i samfunnstryggleksarbeidet. Når det gjeld kommunen sitt planarbeid generelt og arealplanar i sær, vil Statsforvaltaren i så måte vise til følgjande utdrag frå H-5/18:

«For noen tema er det fastsatt en akseptabel risiko i lov eller forskrift. Dette gjelder for eksempel flom, stormflo, skred og flodbølge som skyldes skred, der sikkerhetsnivå er fastsatt i byggteknisk forskrift. For andre risikomomenter vil grensen mellom akseptabel og uakseptabel risiko måtte fastsettes i planen, for eksempel som hensynssoner med bestemmelser. Kommunen som planmyndighet må i så fall aktivt ta stilling til hvilken risiko planen aksepterer. Beslutningstakerne må vurdere hvilken risiko som kan aksepteres på bakgrunn av fagkyndige vurderinger. Fagkyndige vurderinger kan ikke alene gi rammene for akseptabel risiko. Aksept av risiko i planen er resultat av lokal skjønnsmyndighet, og av ikke lov eller forskrift.»

Nettopp dette ansvaret vert ytterlegare presisert i [**Meld. St. 5 \(2020-2021\) Samfunnssikkerhet i en usikker verden**](#) der det står:



«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. *Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko.*»

Statsforvaltaren rår difor kommunen til på eit tidspunkt å gå tungt inn i denne problemstillinga og utarbeide tydelege, vel reflekterte og grunngjevne akseptkriteria til bruk i samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, mogelegvis som del av fastsetjinga av strategiske val og prioriteringar, då akseptkriteria i neste runde vil få konsekvensar for kommuneplanens handlingsdel/økonomiplanen.

Vi vil òg gjere merksam på at kravet til eigenberedskap tidlegare i år (29.05.2024) vart skjerpa frå 3 dagar til 1 veke sidan kommunen eksplisitt nemner eigenberedskapskravet i saksdokumenta.

Avslutningsvis viser vi òg til regjeringa sine forventningar i kapittel 6 «*Samfunnstryggleik og beredskap i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*».

Strandsoneforvaltning:

Kinn kommune er ein kystkommune med mykje strandsone. Det er difor viktig at kommunen avklarar arealdisponeringa i strandsona gjennom kommuneplanarbeidet, slik at omsyna til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. § pbl. 1-8, vert ivaretakne. Vi føreset at kommunen er restriktiv med å opne opp for nye byggjeområde ifrå før meir eller mindre ubygde strandområde. Vi viser såleis til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (fastsett 28.05.2021), både den generelle delen i kap. 6 og til kapittel 10 med konkrete retningsliner for kommunar med mindre press på areala.

Som de sikkert er kjent med, skal kommunane leggja desse retningslinene til grunn ved arealplanlegginga. Vi merkar oss av arealstrategien at kommunen ønsker at ny utbygging av strandsona bør skje mest mogleg konsentrert. Kommunen vurderer at i allereie utbygde område, og der forholda tillåt det og konsekvensane ikkje blir negative, kan det vera aktuelt å nytta strandsona til bustad-, fritids- og næringsbygg.

Vi forståing for at maritim næringsverksemد bør liggja i tilknyting til sjø. Vi tykkjer samstundes at det er uheldig dersom det skal opnast for bygging av bustader eller fritidsbustader i strandsona. Likevel, kan ein gjennom ei heilskapleg planlegging, velja ut prioriterte område for slik utbygging. Kinn kommune er lista opp som ein kommune med mindre press på sjøareala, jf. statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Det medfører at kommunen kan vedta planar som inneber utbygging til ulike føremål i strandsona etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve. Det er difor viktig at kommunen gjennomfører konkrete strandsonevurderingar av verdiane (jf. pbl. § 1-8) innanfor slike aktuelle utbyggingsområde mot sjøen. På bakgrunn av denne vurderinga, må kommunen setja byggjegrenser mot sjø for kvart einskilde område.

Med helsing

Christian Rekkedal
fung. kommunaldirektør

Arve Meidell
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO